



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Aurland rådhus, kommunestyresalen

**Møtedato:** 06.11.2015

**Tid:** 0930-1320

A. Disse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar)
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Trond Øyen Einemo, varaordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Olav Turvoll, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune
Karina Nerland, dagleg leiar
<b>Andre</b>
Ole Ingar Hæreid, nestleiar samferdsleavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

B. Ordførar Noralv Distad ønskte velkomen til Aurland

C. Innkalling godkjent utan merknader

D. Protokoll frå møtet 19.6.2015 godkjent utan merknader

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
15/15	14/2040	<b>Kommunereforma</b>
16/15	12/2273	<b>Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - evaluering</b>
17/15	15/2537	<b>Bustadutvikling - regionalt samarbeid om strategiar</b>
18/15	15/2221	<b>Mitt yrke-serien/Jobb i Sogn, gründer i Sogn</b>
19/15	15/3125	<b>Karrieremesser 2016 - søknad om støtte til karrieremessene i Bergen, Oslo og Trondheim</b>
20/15	14/2856	<b>Revidert budsjett 2015 Sogn regionråd</b>
21/15	15/3140	<b>Budsjettramme 2016 Sogn regionråd</b>
22/15	15/3692	<b>Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd</b>
23/15	15/2671	<b>System for styrka læring - val av leiar i programstyret</b>
24/15	15/3691	<b>Møteplan for 2016</b>
25/15	15/717	<b>Orienteringssaker i Sogn regionråd</b>

**Sak 15/15**  
**Kommunereforma**

**Tilråding:**

Rapporten om aktuelle kommunestrukturalternativ frå Telemarksforsking er god og grundig, og gir kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre og ber prosjektgruppa førebu felles informasjon til innbyggjarane og innbyggjarundersøking.

Sogn regionråd tilrår at kommunane startar arbeidet med intensjonsavtale med utgangspunkt i alternativ 2 og andre alternativ som kommunane vedtek.

**Handsaming:**

Ivar Kvalen kom med framlegg om å utsetja saka til neste møte i påvente av handsaming i kommunestyra.

**Vedtak:**

Sogn regionråd utsett saka i påvente av handsaming i kommunestyra.

**Sak 16/15**  
**Regionalplan for Sogn regionråd 2013-2016 - evaluering**

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tek evalueringa til vitande og ber administrasjonen utarbeida framlegg til framdriftsplan for neste regionalplan 2017-2020 og tiltaksplan for 2016.

**Sak 17/15**  
**Bustadutvikling - regionalt samarbeid om strategiar**

**Tilråding:**

Sogn regionråd er positiv til eit samarbeid om regionale bustadstrategiar og tilrår kommunane å delta i arbeidet.

Sogn regionråd set av inntil kr 170 000 av regionale utviklingsmidlar for 2016 til strategiarbeidet.

**Vedtak:**

Sogn regionråd er positiv til eit samarbeid om regionale bustadstrategiar og tilrår kommunane å delta i arbeidet.

Sogn regionråd set av inntil kr 170 000 av regionale utviklingsmidlar for 2016 til strategiarbeidet.

**Sak 18/15**  
**Mitt yrke-serien/Jobb i Sogn, gründer i Sogn**

**Tilråding:**

Adalia AS får avslag på søknad om midlar til serien «Mitt Yrke/Jobb i Sogn, gründer i Sogn».

**Vedtak:**

Adalia AS får avslag på søknad om midlar til serien «Mitt Yrke/Jobb i Sogn, gründer i Sogn».

**Sak 19/15**  
**Karrieremesser 2016 - søknad om støtte til karrieremessene i Bergen, Oslo og Trondheim**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2016.

**Sak 20/15**  
**Revidert budsjett 2015 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2015 slik det ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek revidert budsjett for 2015 slik det ligg føre.

**Sak 21/15**  
**Budsjettramme 2016 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2016 slik den ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2016 slik den ligg føre.

**Sak 22/15**  
**Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Handsaming:**

Harald N. Offerdal kom med følgjande framlegg: Jon Håkon Odd blir representant i helsegruppa og Olav Turvoll blir representant i samferdslegruppa og RUP-/næringsutviklingsgruppa. Det vert elles ikkje endringar og leiarane blir gjenvalde.

**Vedtak:**

Representantar i arbeidsgruppene vert:

- Helsegruppe: Jan Geir Solheim (leiar), Arild Ingar Lægreid og Jon Håkon Odd.
- Næringsutvikling-/RUP-gruppe: Arild Ingar Lægreid (leiar), Noralv Distad, Ivar Kvalen, Petter Sortland og Olav Turvoll.
- Samferdslegruppe: Ivar Kvalen (leiar), Harald Offerdal, Jan Geir Solheim, Olav Turvoll og Jarle Aarvoll.

**Sak 23/15**  
**System for styrka læring - val av leiar i programstyret**

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Handsaming:**

Det kom framlegg om at Ivar Kvalen blir gjenvald som leiar i programstyret for «System for styrka læring» og Jon Håkon Odd vert vararepresentant.

**Vedtak:**

Ivar Kvalen vert vald som leiar og Jon Håkon Odd vert vald som vararepresentant i programstyret for «System for styrka læring».

**Sak 24/15**  
**Møteplan for 2016**

**Tilråding:**

Møteplan for 2016:

Regionrådsmøte:

10. februar

8. april

12. mai

17. juni

16. september

28. oktober  
9. desember

Felles formannskapsdag:  
26. februar

Møte for interkommunale selskap:  
22. april  
21. oktober

### **Vedtak:**

Møteplan for 2016:

Regionrådsmøte:  
10. februar  
8. april  
12. mai  
17. juni  
16. september  
28. oktober  
9. desember

Felles formannskapsdag:  
26. februar

Møte for interkommunale selskap:  
22. april  
21. oktober

**Sak 25/15**  
**Orienteringssaker i Sogn regionråd 6.11.2015**

### **Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
  - Notat om Sognabåten var omdelt i møtet. Det blir sak i neste møte om å setja av midlar til ei utgreiing i samsvar med notatet.
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
  - Samferdslegruppa: Aust-vestsambandet
4. Programstyret System for styrka læring
  - Psykologstillingane lyst ut på nytt
  - Arbeidet med regional plan for psykisk helse er starta opp
  - Programstyret har slutta seg til at det blir gjort ei undervegsvurdering av utviklingsprogrammet

- Studietur 11.-14. april 2016: Ungdomstrinn i utvikling. Stipend frå det danske-norske fond. Invitasjon går til rektorarar, kommunalsjefar og ordførarane.
5. Rådmannsgruppa
    - Interkommunal skogbrukssjef – avtale om tenestekjøp
    - Finansering av musea i fylket
    - Avtale om GIS-koordinator
    - Adresseprosjektet
    - Skatt og arbeidsgjevarkontroll
    - Farmasøytisk tilsyn
    - Kommunereforma
  6. Administrasjonen
  7. Rapport – hangar Sogndal lufthamn Haukåsen, Avinor
  8. Kostnadsreduksjonar innan samferdsle 2016-2019 ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, samferdsleavdelinga

### **Skriv og meldingar**

1. Referat frå arbeidsgruppene i Sogn regionråd:
  - samferdslegruppa 18.8.2015.
  - RUP-/næringsutviklingsgruppa 2.9.2015
2. Fråsegner frå Sogn regionråd:
  - Industristrategi til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 9.9.2015
  - Nasjonal transportplan 2018-2027-Framtidig lufthamnstruktur til Avinor, 18.9.2015
  - Eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk til Finansdepartementet, 18.9.2015
  - Konkurransetsetjing av attføringstenestene til arbeidsministeren, 16.10.2015

Harald N. Offerdal  
leiar

Noralv Distad

Petter Sortland

Karina Nerland  
dagleg leiar